



Småjentelaget vann ein imponerende siger over Spjelkavik. Dette biletet vart teke under Adidas cup tidlegare i sesongen. (Foto: Thor Inge Døssland)

Norway Cup er i gang. Rosendal/Uskedal stiller med tre lag. Når den opplevingsrike veka er til ende, har det vore spelt om lag 4000 fotballkampar. Laga spela dei første kampane i innleiingsspelet søndag.

Småjentelaget, J-14, var først i elden. Dei hadde svært tøff motstandar då dei møtte fjorårvinnar Spjelkavik. Etter kampen kunne ein av spelarane på laget, Silje Bråtun, svært så fornøgd melda om ein imponerende 3-1-siger.

Tonje Skåla(2) og Ingebjørg Oppheim scora måla. Silje kunne elles melda om bra ver og baneforhold, sjølvsagt topp stemning og at spelarane gledde seg til konsert med kjende artistar om kvelden.

Desse uskedelingane spelar på dette laget: Silje Bråtun, Anette Sandnes, Margareth Sæle, Monika H. Kårstad og Ingeborg H. Lunde.

Vi ønskjer jentene lukke til vidare i Norway Cup. Dei to andre motstandarlagane i innleiingsspelet er Snarøen og Skotfoss Coop. Mandag og tirsdag ventar kampar mot dei.

Meir stoff om turneringa og folkefesten finn de på www.norwaycup.no

Av Thor Inge Døssland